



# KYRKJEBLADET FOR VESTNES

NR. 2 - NOVEMBER 2022

27. ÅRGANG

## Fiksdal kyrkje



Foto: Thor Ringsby

*Gledeleg jul!*

# Jula i våre hjarte

Av Harald Kjell Sunde, vikarprest



Kvar enkelt av oss har sitt forhold til jula. Vi har nokre stemningar og følelsar som vi kjenner at vi vil oppleve på nytt kvar jul.

Eg tenkjer av og til, at vi må tilbake til det enkle. Vi må tilbake til jula sine symbol,- dei opphavlege symbola og figurane i juleforteljinga.


*«Eg er så glad kvar julekveld,  
for då vart Jesus fødd.  
Då lyste stjerna som ei sol,  
og englar song så søtt.»*

Her finn vi på ein enkel måte dei viktigaste orda i julefeiringa vår. Det er julekveld, det er glede for at Jesus vart født. Det er stjerna, det er englar og det er englesong. Vi kjenner at vi vert glade.

Det er viktig å vite kvifor vi feirar jul. To av tre av oss meinte, for ei tid sidan, at det ikkje var viktig. Det viktigaste var å feire. Men så var det, heldigvis, nokon som meinte at skal vi feire jul, så må vi vite kvifor. Vi må vite at "Eg er så glad kvar julekveld for då vart Jesus født!" Så enkelt er det, og eg vil tru - så lett å hugse.

Denne julesongen var song nr 1 i min barndom. Og i år har det slått meg på nytt, at den er viktig, enkel og sann. Vi har juleglede fordi Jesus vart født. Det treng vi ikkje skjemmast over. Utover elles, i den kristne verda, er dei tydelege på nettopp det. Her i vårt hjørne av verda er det visst litt for barnsleg. Men hugs at det er det barnslege som oftast er mest ekte og sant.

Det er veldig mange naturlege ting her ved fjorden, hjå



oss, som kommuniserer med juleforteljinga sine ord og symbol. Det er nattemørket, det er stjernehimmelen, det er behovet for lys, og det er det kvite og reine når snøen legg seg. Vi får håpe den gjer det i år. Vi kan byggje opp, og styrke våre personlege juleopplevelingar og tradisjonar ved å ta fram det naturlege og ekte, og la juleforteljinga vere det den er, den heilage familien i ein stall i Betlehem. Det angår oss. Måtte det bli sentrum i vår julefeiring.

Julefeiringa vår er ein ilag-fest, familiefest. Mor har ein sentral plass i denne salmen. Ho kveikjer alle ljós. For 170 år sidan, då denne salmen vart til, hadde dei ikkje råd til å kveikje alle lys til vanleg, berre når det var jul og høgtid. I min første barndom hadde vi ikkje elektrisk straum der eg vaks opp. Då tende ho mor alle lys julekvelden. Det var levande lys også i juletreet.

*«Ho seier alle englar syng  
enno om fred på jord,  
at himlen like open er,  
Guds kjærleik like stor.»*

Det som skjedde Julenatta er viktig for oss. Det gjeld i dag. Himmel er open, englar syng om Guds fred på jord og om Guds kjærleik som er stor, - og vi må syngje med.

Og like viktig som det første, er også det siste verset:

*«Eg er så glad kvar jolekveld,  
så glad i Jesus Krist,  
og at han også elskar meg,  
det veit eg sant og visst.»*

Å vite sant og visst at Jesus elskar også meg. Det er alltid godt å høre. Det byggjer opp under at jula sitt under, barnet i krubba, er ei gåve til oss alle. Det gjev god grunn til å feire jul med glede, slik salmen fortel om.

*Signa julehelg og juleglede til alle!  
Harald*

# Salmane våre

Av Martinus Løvik

*«Ein salme... er eit vern mot angst om natta, og den gir kvile frå dagens strev». Sitat etter St. Basilius, biskop i Cesarea på 300-talet etter Kristus.*

Då eg arbeidde med nokre artiklar til jubileumsboka for Vestnes kyrkje, måtte eg lære meir om gudstenesta si historie. I ei av bøkene om liturgien og salmesongen si historie som eg kjøpte på eit antikvariat, fann eg lagt inn eit laust stensilert ark, som eg heldigvis ikkje kasta utan å lese det. Forfattaren er ukjent. Eg har omsett innhaldet og vil gjerne dele det med Kyrkjebladet sine lesarar:


At songen og musikken i kyrkja er viktig, er noko som kyrkja sine folk tidleg forsto. I ei preike over den 1. salmen i Davidssalmane i Bibelen, sa St. Basilius dette om songen og musikken:

*«For då Den Heilage Anden såg at menneska har lite lyst til å gjere dydige gjerningar, og at vi så lett sokjer etter lyst og fornøyelsar, og lite aktar på å leve eit liv som rettferdige, kva gjorde Anden? Jau, Den Heilage Anden sette sòdmen i melodiane saman med læresetningar. Utan å vere klår over det sjølve, kan vi derfor gjennom sòdmen og venleiken i songen ta mot det nyttige innhaldet i det orda fortel. Det er slik kloke legar driv praksisen sin. Når dei skal gje den sjuke pasienten ein medisin som har bitter smak, smører dei honning på kanten av koppen. Det er på same måten med desse salme-melodiane, dei er skapte for oss for at jamvel barn og unge kan oppdra og styrke sin eigen karakter, si eiga sjel, medan dei syng . . . ».*

Basilus ser også på salmane frå ein litt annan pedagogisk synsvinkel. Han peikar på kor vanskeleg det er for dei unge å hugse orda til apostlane og profetane, «men visdomsorda i salmane syng dei heime, og dei spreier dei ut på arbeids-plassen sin». Salmane kan og ha ei stor oppgåve som terapi, for jamvel dei mest uregjerlege villstyringane vil ikkje lengre vere så voldsomme når dei kjem under salmane sin magiske påverknad. Men ein salme har òg mange andre eigenskapar:

*«Salmen er ro for sjela, freden sin herskar, og den let oss styre tankane vekk frå deira uorden og uro. Den mildnar sjela sin lidenskap og gjer den mindre uregjerleg. Ein salme skaper vennskap, og den sameiner det som er skilt, og den er mellommenn mellom fiendar. For kven kan vere fiende med nokon som ein har sunge lovesongar til Gud saman med? Slik ber salmesongen kjærleik med seg, det beste av alt som er godt, den skaper harmoni og eit band*

av samkjensle og sameinar menneska som eit kor i ein mektig samklang. Ein salme driv vekk vonde ånder, den kallar på hjelp frå englane, den skaper eit vern mot angst om natta, og den gir kvile frå det daglege strevet. For småbarn er den tryggleik, for ungdom ein pryd, for dei gamle er den trøst og oppmuntring, og for kvinner er den det vakraste smykke dei kan bere. Den byter einsemد med folksemd, og den refser på torga . . .



*Ein salme er kyrkja si røyst. Den aukar gleda på festdagane, og den skaper og formar den sorga som er i pakt med Guds vilje, for ein salme kan drive fram tårar, ja til og med frå eit steinhjarte. Ein salme er eit verk som englane har skapt, den er ei himmelsk kunngjering, den er Anden sin røykelse. Ja sanneleg, den læraren er klok som har gjort denne oppfinninga, slik at vi på same tid både kan synge og lære nyttige ting, slik at læresetningane blir prenta djupare inn i sjela vår . . . ».*

## KYRKJEBLADET FOR VESTNES

Redaksjonskomité: Asbjørn Gisnås, Nils-Berge Sundfør, Tormod Lien og Reidun Blø

Adresse: Kyrkjekontoret, 6390 Vestnes

\*

*Vi oppfordrar dei som måtte ha forslag til stoff eller noko dei vil ha med i Kyrkjebladet, til å ta kontakt med redaksjonen.*

**Vi er avhengige av gåver til drift og distribusjon av Kyrkjebladet.**

**Kontonummer 4056.20.62124**

**Kyrkjebladet har fått Vipps.  
Vippsnummeret er: 511986**

**Det er mogleg å bestille bladet for dei som bur utanfor kommunen.**

# Vestnes kyrkje 150 år – frå jubileumsåret

Tekst: Nils-Berge Sundfør

Arrangementa har nærmast stått i kø dette jubileumsåret for Vestnes kyrkje. Og når kyrkjebladet går i trykken, står det enno att nokre i haust. Men notér alt no eit nytt arrangement mandag 16. januar. Då kjem Haram kyrkjekor, Aud Bovim m.fl. til kyrkja der temaet blir *Svein Ellingsen, liv og salmer*.

Men her fylgjer eit tilbakeblikk på dei fleste arrangementa som har vore til no dette jubileumsåret.



Foto: Tormod Lien.

Føredraget «*Kyrkja er kommunen si mor*», ved professor emeritus Martinus Løvik, hadde samla vel 40 tilhøyrarar på Vestnes Bibliotek onsdag 16. februar.

- Alle dei ulike kommunale og andre offentlege tenestene vi har no i dag, har langt på veg vakse fram frå

kyrkja, som var så å seia kommunen si mor, sa Martinus Løvik m.a. i føredraget sitt.

- Kyrkja og presten si rolle, var utan tvil limet som samla bygda, sa Løvik vidare. Han tok oss tilbake i tid med mykke historie fram til i dag. Det er mest ufatteleg kor mange roller og ulike ansvarsområder presten hadde på 1800-talet.



Foto: Nils-Berge Sundfør.

Det var ei lydhøyr forsamling som var i kyrkja torsdag 31. mars. Denne kvelden hadde professor Ole Honningdal Grytten teke vegen til Vestnes. Føredraget hans var om *Hans Nielsen Hauge*,

fødd på Rolvsøy i 1791. Hauge kom frå ein lesarinspirert familie og han skreiv mange bøker. Han var ein særdriftig kar og reiste rundt i Norge på kryss og tvers og fekk i gong industribedrifter, handelsføretak m.m. Men først og fremst var Hans Nielsen Hauge ein lekpredikant, som la vekt på at Gud hadde interesse i heile mennesket. Hauge såg difor



Foto: Nils-Berge Sundfør.

på sitt kristne kall å utføra alle dei andre oppgåvene han starta. Ein svært interessant kveld i Vestnes kyrkje.



Foto: Tormod Lien.

I ei mest fullsett kyrkje serverte *Forkava* ein vakker vårkonsert søndag 1. mai saman med elevar frå kulturskulen. Konserten i Vestnes kyrkje var vakrare enn nokon gong, skreiv Tormod Lien i Vestnesavisa. Det var fleirstemt song i fleire sjangrar som inneholdt det meste, ekte glede i tekst og tonar, samt lengsel, kjærleik og håp.



Foto: Tormod Lien.

Søndag 22. mai var det *Åva'i Bedehus Band* sin tur i Vestnes kyrkje. Det litt originale namnet på bandet fortel at dei fleste medlemmene kjem frå «åva'i» Rypdal bedehus i Tresfjord. Vi fekk høre musikk frå fleire sjangrar, både country, gospel, blues og rock.

- Den sterke og gode lyden i kyrkja skapa nærmast ei magisk stemning, skreiv Tormod Lien i Vestnesavisa. Og publikum sat att med ein bodskap om håp og fred.



Foto: John Hurlen.

Så var det klart for gospeltonar i jubileumsåret. Søndag 12. juni fekk kyrkja besøk av ungdomskoret *Respons*. Respons er knytt til Emblem bedehus og er ein del av ungdomsaktiviteten i Emblem bedehusforsamling. Respons fylte Vestnes kyrkje med glad gospelmusikk og frisk song denne søndagskvelden.

- Det var ikkje mange ledige plassar i benkane, kunne soknerådsleiar Håvard Skrede fortelje.



Foto: Nils-Berge Sundfør.

I ein fin songkveld med organist *Gunnar Ajer* onsdag 3. august fekk me oppleve at han trakterte vekselvis flygelet og orgelet på ein framifrå måte. Hans gode, varme stemme fylte kyrkjerommet med vakre tonar. Han baud på mange kjente og kjære songar forutan folketonar og eigne songar. Fellessongar frå den rike salmeskatten vår vart det og plass til. Og dei som hadde møtt fram i kyrkja denne kvelden kvitterte med god salmesong.



Foto: Nils-Berge Sundfør.

Torsdag 25. august inviterte soknerådet til forteljarkveld i kyrkja. Ei spanande forteljing om kvenna *Ruth* i Det gamle Testamentet fekk vi høre på ein levande måte. Det var Anne Kristin Aasmundtveit som fortalte om Ruth, kvenna som braut opp frå heimen og familien og ville fylge med svigermor si til eit framand land. Aasmundtveit fortalte levande og vakkert. Ho gjer samstundes forteljinga om Ruth aktuell både som kjærleikshistorie og det å vera framand i eit ukjent land. Britt Elise Skram fylte ut forteljinga med ypparleg fiolinspel. Dette var vakkert.

Etter ei pause fortalte Bruno Metzker i samtale med sokneprest John Sylte korleis det var å koma som flyktning til Vestnes.

Tidlegare organist i Vestnes frå 1981-1985, *Robert Coates*, hadde konsert i kyrkja søndag 11. september. Mens han var i Vestnes dreiv han Fiksdal kyrkjekor,



Foto: Else Marie Lervik Coates.

Ein flott kveld vart det, der omlag 50 frammøtte fekk høre mange av Robert



Foto: Else Marie Lervik Coates.

Coates sine verk. Kan nemne ein brudemarsj skrive til eit bryllaup i London der brura var frå Harøya og brudgommen frå Nederland, og til 150-årsjubileet i 2017 for Ona fyr. Til slutt takka soknerådsleiar Håvard Skrede for konserten. Ein slik konsert må berre opplevast.




Foto: Nils-Berge Sundfør.



Foto: Einar Baltzersen.

med tidlegare organist i Vestnes, *Richard Powell*, orgel, *Monica Solbjørg*, mezzosopran og noverande organist *Jostein Maude*, bass. Desse tre heldt ein variert og flott

*Framhald neste side*

På dagen 150 år etter at Vestnes kyrkje vart vigsla, mandag 12. september, vart *jubileumsboka* til kyrkja presentert på Vestnes bibliotek. I boknemnda sat Jostein Bø, Per Bjørn Elling-seter, Lars Sigmund Kleive, Martinus Løvik og Per Ottar Bjørdalsbakke.

- Eg lærte ei salme då eg gjekk på skulen: Kyrkja den er eit gamalt hus. Men kyrkja er så mykje meir enn eit hus, sa Per Bjørn Ellingseter under lanseringa. Boka er blitt eit praktverk som det er vel verd å få med seg.

- Mektig og medrivande konsert, skreiv Einar Baltzersen i Vestnesavia etter kyrkjekonserten onsdag 14. september



Foto: Einar Baltzersen.

konsert for bortimot 150 begeistra tilhøyrarar. Konserten starta med orgel, så fylgte solo-innslag og duett. Richard Powell trakterte orgelet på imponerande vis.

- Her var tonar ein ikkje er vand med kjem ut av eit kyrkjeorgel, kunne vi lesa i Vestnesavisa.



Foto: Tormod Lien.



Foto: Tormod Lien.

I ei omtrent fullsett kyrkje søndag 18. september, var det klart for *jubileumsgudsteneste* v/biskop Ingeborg Midttømme. På gudstenesta deltok prost Erling Nevland, sokneprest John Sylte, tekstlesar Bodil Bryn Kvistad, ordførar Randi Bergundhaugen, kantor Jostein Maude, kantor Richard Powell, Vestnes Musikklag og Tomrefjord songlag. Biskopen gratulerte kyrkjelyden med jubileet. Teksten denne søndagen var henta frå Johannesevangeliet kap. 15.

- For ein bodskap, ei fullkommen glede og at vi får høyra at vi er elskar. Invitasjon til å leva saman med Jesus i dag, er den same som for 150 år sidan, var noko av det biskopen minne om denne dagen.



Foto: Tormod Lien.

Etter gudstenesta var alle invitert til *jubileumsfest* på Vestheim. Nydeleg kjøttsuppe, kaffi og mange kaker sto på menyen. Sokne-rådsleiar Håvard Skrede leia festen og starta med å takka heile sokne-rådet som har gjennomført eit vellukka jubileum så langt. Musikken, songarar og alle dei andre fekk og si takk. Mange kom med helsing til jubilanten på festen, og tidlegare sokneprest Finn Arne Roaldsnes framførte si eiga «Kveldssalme ved havet» som er trykt i jubileumsboka.



Foto: Tormod Lien.



Foto: Tormod Lien.



Boka var til sals, og sokneprest John Sylte visa fram boka på festen. Ein gåvesjekk vart også overlevert til soknerådsleiaren frå dei andre sokneråda og kyrkjeverja.

Foto: Tormod Lien.

# Barnas bursdagsfest i kyrkja

Av Tormod Lien

Det har vore mange arrangement i Vestnes kyrkje, i samband med at kyrkja som kjent fyller 150 år i år. Andre søndagen i september var det barna sin tur, der trusopplærar Ingvild Venås Sanchez var den som organiserte festen, med god hjelp av kantor Jostein Maude, soknerådsleiar Håvard Skrede og mange fleire.

Våpenhuset var fylt av eit stort hoppeslott, der barna fekk boltre seg i fritt utløp. Inne i kyrkja, som var pynta med ballongar og anna, var det fleire poster med ulike aktivitetar som engasjerte både liten og stor. Det vart fort kø der det var ansiktsmåling.

Ingvild fortalte ei lita bibelhistorie, før det vart song og musikk under leiing av kantor. Dermed vart alle invitert til galleriet på kakefest, der tre bord var dekte på. Før Ingvild leia bordverset, sa ho at no er vi på "Slottet" der Jesus er kongen. Alle fekk utdelt ei krone.

- «Om eg er liten eller stor, så er det best for meg på jord å høre Jesus til, å gå den veg han vil», var ein av songane som vart sunge på barnas bursdagsfest i kyrkja.



*Ein av postane med spennande aktivitetar. Solveig Bergset med barnebarnet Oline Neraas (3), trusopplærar Ingvild Venås Sanchez med barna Anna Lovisa (3), Daniel Andre (6) og Anna Maria (3).*



*Kyrkja pynta til fest.*

**Vestnes kyrkje 10. desember kl. 18.00**

## **Tomra Brass Band, julekonsert**

Etter to år med pandemi og avlyste konserter er det en stor glede for Tomra Brass Band å igjen kunne invitere til vår tradisjonelle julekonsert i Vestnes kirke lørdag 10. des kl 18.00.

For ett år siden låg det lenge an til at vi skulle kunne gjennomføre den planlagte julekonserten med våre gjesteartister Hallvar og Stephanie Djupvik, men et par dager før konserten kom det igjen nye restriksjoner ifht pandemien, og det var med tungt hjerte at vi dessverre så oss nødt til å avlyse konserten i siste sekund.

Dette var veldig trist for alle involverte, og gleden var veldig stor da våre sangsolistar Hallvar og Stephanie også i år takka ja til å være med på konserten vår. Så i år ligger det altså an til at både vår og andre sine konserter skal kunne gjennomføres, og at kirkja igjen kan fylles med vakre juletoner i førjulstida. Tomra Brass Band vil sammen med sin faste dirigent Stefan Bocken servere nydelige juleperler, og det hele vil toppes med vakre toner fra Hallvar og Stephanie Djupvik. Hallvar og Stephanie er operasangere utdannet ved operaakademiet i København. De har sunget på store scener i Norge og i utlandet, og de bor nå i Tomrefjord og jobber med sang og musikk på heltid.

Det er en glede for oss i Tomra Brass Band å få lov til å gjøre julekonsert sammen med disse to fantastiske sangerne.

Vi håper at kirkja vil fylles av publikum og at vi sammen kan skape ro og stemning i førjulstida.



# Vegen, sanninga og livet

Av Tormod Lien

Algom Murgus Tira med kona Raja Mandara og barna Magdlin (14), Arminia (12), Junita (11) og Manasa (5) frå Sudan, opnar dørene i Buktavegen på Vestnes for eit avtalt møte med Kyrkjebladet.

Familien på seks har akkurat avslutta laurdagens faste frå morgonen og fram til klokka tolv. Dette er noko dei alle gjer kvar laurdag, fordi dei saman ønskjer å bli reine for Gud, og på den måten komme nærmare Gud.



Algom Murgus les frå Bibelen, her saman med kona Raja Mandara.

## Les Bibelen på arabisk

Heile familien kallar seg kristne og trur på Gud og Jesus Kristus som sin Frelsar. Far i huset hentar Bibelen, samlar familien og les frå Johannes evangelium kapittel 14, vers 1-4 på arabisk. Innhaldet i desse versa handlar om Vegen, sanninga og livet.

Det står skrive: "Lat ikkje hjartet dykkar uroast. Tru på Gud og tru på meg. I huset til Far min er det mange rom. Var det ikkje slik, hadde eg då sagt dykk at eg går og vil gjera ein stad til dykk? Og når eg har gått og gjort klar ein stad til dykk, kjem eg att og tek dykk til meg, så de skal vera der eg er. Og dit eg går, veit de vegen. Thomas seier til han: Herre, vi veit ikkje kvar du går; korleis kan vi då vita vegen? Jesus seier: Eg er vegen, sanninga og livet. Ingen kjem til Far utan gjennom meg".

- Vi har alle i familien ei sterk tru på Gud. Vi ventar alle på at Gud skal komme att for å hente oss til Himmelten. Dette er vårt håp for oss alle kristne, forklarar Murgus.

## Bibellesing og felles bøn

Ektemannen og firebarnsfaren reiser seg og får kona og barna med seg. Saman ber dei på arabisk, der alle deltar. Etter fellesbøna, fortel dei at dei også ber for Noreg og takkar for at dei får høyre Gud til.

Kvar søndag les dei Bibelen saman, der også barna er med. Kvar morgen før barna drar til skulen, ber dei saman. Det same gjer dei om kvelden før barna går til sengs.

Den eldste av barna, 14-årige Magdlin, fortel at dei alle gler seg til jul, som blir den andre jula i Vestnes. Utifra det ho fortel, er det mykje likt med norske tradisjonar. Dei ber saman, syng og gjev kvarandre gåver. Ho fortel at det å vere kristen og tru på Gud er sjølvsagt for dei.

## Flykta frå Sudan for ti år sidan

Når far skal fortelje kvifor dei vart flyktningar, blir det stille i stova. Eldstejenta som då var 4 år gammal, hugsa den vanskelege reisa, men ønskjer ikkje å sette noko ord på det. Stillheita fortel meir enn ord. Dei andre barna var for små til å hugse.

- Vi flykta på grunn av krigsherjingane, ein krig som framleis herjar delar av landet. Vi sat i stova der vi budde. Merka angrepa frå alle kantar. Lite ante vi kven som var den neste til å bli drepen.

Med tre små jenter vart valet til slutt enkelt. Vi måtte flykte, mest for å spare barna, fortel ein alvorstynga far, som no er takknemleg for å vere i Vestnes.



Under Frivilligdagen på Helland var heile familien til stades: Her er barna Magdlin, Manasa, Arminia og Junira.

## Føler seg norsk i Vestnes

Det er ti år sidan familien flykta frå heimen sin i Sudan. På spørsmål om dei trur dei kan dra tilbake, kjem svaret raskt. Algom Murgus fortel at det ikkje er mogleg å tenke ein slik tanke. No er dei berga og klare for å gjere det beste ut av den situasjonen dei er i, etter å ha vore vestnesinger i litt over eitt år.

- Vi er ikkje lenger flyktningar. No er vi norske, seier Murgus med stor overtyding i stemma. Dei er alle glade for mottakinga i Vestnes, skulegang og læring, ein omgangskrets for barna i fritida og aktivitetar dei får vere med på.

Sudan er ein stat i Afrika, og grensar mot Egypt i nord, Eritrea i aust, Etiopia, Sør-Sudan og Den sentralafrikanske republikk i sør, Tsjad i vest og Libya i nordvest. Nilen renn gjennom Sudan, og landet har kystline mot Raudehavet i aust. Folketalet var for to år sidan godt over 40 millionar. Sør-Sudan er prega av uro og konflikt på grunn av fleire års borgarkrig. I følgje FN skjer det ofte seksuell vold, svolt og brot på menneskerettane i landet.

No er det jul i Vestnes som ventar familien Murgus, takknemleg over freden dei opplever her i landet. Dei har mykje å be for, og takkar Gud for at dei har funne vegen, sanninga og livet. Denne andre laurdagen i september er det Frivilligdagen på Helland med mange aktivitetar i det fine veret. Vi drar saman med familien Murgus til sentrum.



Heile familien Murgus utanfor blokka der dei bur i Buktavegen.

## Kyrkjeverja sitt hjørne

Vestnes kyrkje er 150 år dette året vi no har lagt bak oss, og det har blitt markert på grundig vis. Soknerådet hadde lagt opp til eit omfattande program med konsertar og andre kulturarrangement spreidd over heile året. Det kulminerte med jubileumsgudstenesta 18.september. Ei storslagen gudsteneste, og biskop Ingeborg Midttømme heldt preika for dagen. Tomrefjord Songlag, Vestnes Musikklag og kantor Richard Powell stod for dei fantastiske musikalske innslaga. Etterpå var det samling på Vestheim med god mat og mange fine helsingar. Det vart ein særsvellukka dag, og ein stor takk til alle som deltok.

Vestnes kyrkje stod fram nymåla til jubileumsgudsstenesta. Også bårehuset var nymåla, og det var gjort på dugnad av nokre personar frå «Kråkvikas venner». Ein stor takk til dei for det gode initiativet og arbeidet.


Fiksdal kyrkje har fått ei ny utvendig oppslagstavle, og dei ganske utsletne utebenkane har fått seg ei renovering. Traktorklipparen i Tresfjord sa takk for seg i sommar, og vi gjekk til innkjøp av ein ny riderklippar til å slå kyrkjegarden med. Kompressoren til bergvarmepumpa i Vike kyrkje kollapsa i sommar, og vi har no under bestilling ein ny kompressor. Det er lang bestillingstid for å få den hit, men vi håpar at den er på plass når dette bladet kjem ut. Det viste seg å vere vanskeleg å få delar til den gamle kompressoren, då delane er gått ut av produksjon.

Vågstranda kyrkje har i haust blitt påkopla automatisk brannvarsling til 110-sentralen i Ålesund. Det blei noko forsinka, men er no i funksjon. Vi står no framføre desember månad, og det er kanskje den månaden i året med flest arrangement i våre kyrkjer.

Det blir halde gudstenester for skuleklassar, besøk i barnehagar, adventskonsertar i alle kyrkjene og i tillegg alt anna av ordinære ting som foregår. Følg med på våre nettsider og i lokalpressa for tidspunkt når dei ulika arrangementa skjer.

*Til slutt vil eg på vegne av staben ønskje alle våre lesarar ei velsigna julehøgtid og eit godt nytt år. Og hugs; ta godt vare på kvarandre.*

*Olav Egil*



*Foto: John Hurlen*

# Min julesalme

Av Randi Bergundhaugen



Det å skulle velge en julesalme av alle de vakre som fins opplevdes som litt vanskelig i starten, men når jeg startet tankeprosessen, ble det ganske tidlig klart for meg hvilken jeg ville velge.

Salmen «Tenn lys» av Eyvind Skeie og Sigvald Tveit så dagens lys først i NRK-serien Portveien 2 i 1987, men har deretter blitt en av de mest brukte adventssangene.

Jeg husker denne salmen fra begynnelsen av 1990-tallet. Ikke bare i forbindelse med advent og jul, men som et bilde på håp og tro i vanskelige tider. Gulfkrigen var under emning, det var uro i Øst-Europa og Sovjetunionen, og verden rundt oss opplevdes som usikker.

Jeg hadde flyttet til Vestnes, men jeg var i Oslo på jobb i januar 1991. Fra et hotellrom på Karl Johan fulgte jeg med på siste nytt om konflikten i Gulfen. Morgenen etter våknet jeg til nyheten om Kong Olavs død. Utover dagen og kvelden og i flere dager og uker tente folk lys på Slottsplassen. Jeg gjorde også det, og det var en sterk opplevelse.

Jeg minnes fellesskapsfølelsen det ga som helt spesiell, både fordi hele nasjonen stod sammen i sorgen, men også fordi verden rundt oss var så usikker. Vi trengte håp og trøst.

For meg handler denne salmen mest om å se seg selv som en del av en større helhet. At det fins noe mer enn enkeltindividet. Og at vi alle kan bidra med noe når andre har det vanskelig.

Og salmen er minst like aktuell i dag som i 1991. Teksten er like viktig som før, og å tenne lys er like viktig symbolsk i dag, med krig og konflikt tett innpå oss i verden. Jeg tror mange kjenner et behov for trygghet

og fellesskap, håp og trøst. Vi må aldri gi opp håpet om en bedre verden.

I førjulstiden er det mye å glede seg over, vi er heldige her i landet tross alt. Vi skal glede oss over det nære og kjære, og verdsette adventstiden og julen. Men av og til trenger vi å se oss selv i en større sammenheng. Denne salmeteksten kan brukes til å reflektere over det.

*Med ønske om en riktig god og fredfylt julehøytid til alle!*

## Tenn lys

*Tenn lys!*

*Et lys skal brenne for denne lille jord.  
Den blanke himmelstjerne, der vi og alle bor.  
Må alle dele håpet så gode ting kan skje.  
Må jord og himmel møtes. Et lys er tent for det.*

*Tenn lys!*

*To lys skal skinne for kjærlighet og tro,  
for dem som viser omsorg og alltid bygger bro.  
Må fanger få sin frihet og flyktninger et hjem.  
Tenn lys for dem som gråter og dem som trøster dem.*

*Tenn lys!*

*Tre lys skal flamme for alle som må sloss.  
For rettferd og for frihet. De trenger hjelp av oss.  
Må ingen miste motet før alle folk er ett.  
Tenn lys for dem som kjemper for frihet og for rett.*

*Tenn lys!*

*Nå stråler alle de fire lys for ham  
som elsker alt som lever, hver løve og hvert lam.  
Tenn lys for himmelkongen som gjeterflokkens så.  
Nå møtes jord og himmel i barnet lagt på strå.*

## Krik tur til Valldal



Ei fantastisk flott, men kald oppleveling å vere med på juving for KRIK-tur deltagarar i oktober



Her skal deltagarane kaste seg ut i vatnet, rett og slett tøffingar heile gjengen!!

# Friluftsgudsteneste i Øygardsbukta 19. juni

Tekst: Nils-Berge Sundfør

Det har vore tradisjon i fleire år med friluftsgudsteneste i Øygardsbukta i Rekdal i august. Men i år prøva ein nytt opplegg ved å leggja gudstenesta til slutten av juni. Dagen før hadde det vore St.Hans feiring, så teltet vart ståande att som ein tryggleik mot dårleg vær.



Ivar Magne Bergheim, foto: Thor Ringsby.



Sokneprest John Sylte, foto: Nils-Berge Sundfør.



Foto: Nils-Berge Sundfør.

Så kom dagen med nydeleg vær, og nærmere 50 hadde møtt fram då gudstenesta starta. Leiar i soknerådet Thor Ringsby ynskja velkommen før Ivar Magne Bergheim las samlingsbøna. Sokneprest John Sylte leia gudstenesta og dirigent og organist Jostein Maude fekk fram vakre tonar hos Fiksdal mannskor. Musikken var ved Lars Jostein's.



Fiksdal mannskor, foto: Thor Ringsby.



Lars Jostein's, foto: Thor Ringsby.

Etter gudstenesta var det tid for kyrkjekaffi med gode sveler, påsmurte rundstykke og gode kaker.

Det var og høve til å kjøpe pølser der Arve Rekdal hadde ansvar for pølsegrillinga.

Ein stor takk til alle som stilte opp og gjorde gudsstenesta til ei god oppleveling denne søndagen.



Arve Rekdal,  
foto: Nils-Berge  
Sundfør.

# Tett på konfirmantlærar Bernt Fylling

Av Tormod Lien

Bernt Fylling (49) er fødd og oppvaksen i Fiksdal, men busett på Vestnes, saman med kone og eit barn på 3 år. Han er utdanna lærar, og har arbeid på skulane i Tomrefjord og Fiksdal.

- Nyleg har eg gjort eit litt vågalt val, der eg søkte om eit års permisjon frå læraryrket. Det gjekk ikkje lang tid før eg vart kontakta av sokneprest John Sylte og konfirmantlærar Nina Kvernmo, med spørsmål om eg kunne vere ein del av konfirmantarbeidet framover, der eg vil få mykje ansvar også for musikkdelen, seier Bernt Fylling, som no er klar for å vere konfirmantmedarbeidar i bygdene Vågstranda, Vikebukt, Tresfjord og Fiksdal.

Bernt er truleg i lokalmiljøet mest kjent som gitarist og vitsemakar i ulike arenaer. Under denne samtalen, som føregjeng i eit avlukke på Vestnes Fjordhotell, fortel Bernt at han trur han har mykje å gje ungdommen, både innan musikk og gjennom eit liv med ulike erfaringar.

- Sidan eg no i permisjonstida har takka ja til 20% stilling som konfirmantlærar, vil eg i tillegg arbeide på Treningssenteret og fortsett takke ja til spelejobbar. Om dette ikkje utgjer full stilling, må eg vurdere å ta på meg vikarjobbar i lokalmiljøet.

Bernt fortel ope om ein oppvekst med salmesong på bedehuset, og ei barnetru som han aldri har gått bort ifrå. Som ungdom spelte han mykje gitar på bedehuset i Fiksdal, ei arv som har fylgt han i alle år. Med



musikkerfaringa, kristendom som mellomfag i Volda og ein kristen oppvekst, er det ingen tvil at Bernt har dei rette kvalifikasjonane.

Han fortel om lærarjobben som gjer at han kjenner ungdommane i Fiksdal frå før, og sin store interesse for å arbeide med ungdom. Ungdommen i dei andre bygdene er ukjent for han, men han har stor tru på at også dette vil gå bra.

- Eg blir nok ikkje sett på som den hyppigaste kyrkjegjengaren, men når eg først går i kyrkja, er det heilt naturleg for meg å gå til nattverd, fortel Bernt Fylling, fersk konfirmantlærar og open om si tru på Gud.

## Den materialistiske jul

Av Martinus Løvik

Dei åra eg arbeidde mykje i Italia, pla hotellet eg ofte budde på å sette fram eit juletre i adventstida - slik som er blitt vanleg her heime òg. Det pynta treet er ikkje lenger ei openberring ein først skal få sjå julekvelden.

Juletreet på hotellet - om det kan kallast juletre - var likevel meir eit uttrykk for kreativitet enn ei openberring av venleik og god julestemning. For juletreet var, bokstaveleg tala, svært materialistisk - tydeleg laga av rest-materialar frå ein byggeplass. Slik sett naturlegvis miljøvennlig, men eg syntes nok likevel det var litt stussleg, enda eit hakk eller to meir stussleg enn plast-trea. Og italiensk eleganse såg eg lite av i dette treet.

Så slo det meg at dette 'materialistiske' treet i grunnen var eit godt og høveleg bilet på mykje av vår tids materialistiske julefeiring - ei julefeiring utan julebodskapen. Slik sett eit meiningsfylt kunstverk! Det byr på pakker, ikkje noko meir. Gåver servert på tørre pinnar. Utan juleevangeliet blir

det inga ekte jul, berre årets konsummessige høgdepunkt. Og det i ei verd der iallfall vi i dei rike landa må konsumere mindre om framtidia skal bli god for etterkomarane våre.

God Jul!



# Konfirmantar i Kråkvika

Av Nina Kvernmo, Foto: Maria Faksen

Som start på konfirmantåret samlast alle konfirmantane fra Vestnes ved gapahuken i Kråkvika.

Turen måtte utsettast ei veke pga veldig mykje regn, men denne onsdagen vart det rett so fint. Konfirmantane utførte gruppeoppgåver som dreide seg om samarbeid, tillit, liv og død mm. Innsatsen var upåklageleg. I pauza var det brus og gode pølser frå Edelgard.

Siste økta var det tradisjonen tru; tautrekking på sletta. Etter fleire rundar vart det Helland skule som gjekk av med seieren.

Takk for ei kjekk oppleving i lag, og takk til foreldre som kom og hjalp til!



## Flott konfirmattur til Trondheim

Tekst og foto: Bernt Fylling

Eg trur alle gledde seg til turen når vi vart samla på fergekaia på Vestnes i 15-tida på torsdag. Nokre grudde seg nok og, men det blei fort god stemning allereie på ferga. På Molde stod det to bussar og venta på oss og frakta oss trygt til Stølen på Oppdal. Der åt vi kveldsmat og fann romma våre. Ungdommane var eksemplariske, og det vart ikkje mykje støy og ståk. Neste morgen drog vi til Trondheim, og der parkerte vi utanfor Nidarosdomen. Vi blei delt i to grupper, der det var omvisning og guida tur av to kjekke og flinke guidar.

Så fekk elevane litt eiga-tid i byen, sånn som shopping og middag, før vi kjørte heim att.

Vi rakk akkurat 1930-ferga, og det var mange bilar på fergeleiet for å hente sine kjære heim att. Det var sikkert godt for mange å få sove i eiga seng igjen.

Vi vonar alle hadde det bra på tur, det hadde i alle fall underteikna.



# Flygelfest i Fiksdal kyrkjelydshus

Av Tormod Lien

Fiksdal kyrkjelydshus har overteke eit flygel med ein spesiell historikk, og arrangerte første søndagen i september ein stor velkomstfest for det 111 år gamle instrumentet.

Gjevar og tidlegare fotograf og medarbeidar i Sunnmørsposten tok eit fullsett kyrkjelydshus med på eit spennande historisk tilbakeblikk. Det er Flemarvingane som har donert dette historiske flygelet til Fiksdal kyrkjelydshus. Styret i stiftinga er svært takksam for å kunne få overta dette instrumentet fra gjevarane, Dagfinn Flem og døtrene Tove, Sidsel og Vibeke, og Jan Ove Steffensen som var gjevarane sin representant under flygelfesten i Kyrkjelydshuset.

## Ein lang prosess med Kyrkjelydshuset

- Rundt 1990 vart planane om å bygge eit kyrkjelydshus i Fiksdal lansert. Det vart danna ei stifting der styret har representantar frå dei kristne lutherske organisasjonane, Misjonskirken i Norge og Den Norske kyrkja ved soknerådet i Fiksdal sokn.

- I 2008 var grunnarbeidet med huset for alvor i gang. To år seinare var det innviingsfest for byggetrinn 1, underetasjen med tilhøyrande sal. No er hovudetasjen reist og opningsfesten for den nye storsalen bestemt. Gjennom desse åra har det vore ein fantastisk innsats med tusenvis av dugnadsstimar med kyrkjelydshuset som framleis ikkje er ferdigstilt, forklarar nestleiar i stiftinga, Ivar Magne Bergheim.

## Flott flygel for folket

- Dette er eit flott og nystemt instrument som folket vil ha stor glede og nytte av i mange år, sa nestleiar i stiftinga for huset, Ivar Magne Bergheim, før han ga ordet til Steffensen.

- At flygelet kan komme til nytte og glede i Fiksdal kyrkjelydshus er heilt i Dagfinn og Magne Flem si ånd,



*Firehendig komposisjon av Askjell Molvær og Jan Hovden.*

seier den blide gjevar Jan Ove Steffensen i si helsing. Han er Sunnmørsposten sin tidlegare tekniske direktør, og forvaltar arven etter fløyten og redaktør Magne Flem.

- Flygelet stod i ein mannsalder i kantina på avishuset, der eigarar og redaktørar var overmåte engasjerte i musikklivet over heile Nordvestlandet. Det er ikkje reint få tilreisande musikarar som har spelt på flygelet, fortel Steffensen.

Bjarne Eidsvig som var østersoppdrettar på Vågstranda i si tid, var både engasjert i musikklivet og ein av dei faste brukarane av instrumentet. Han sette tone til talrike vers, der familien Flem trykte og gav ut notane. Tangentane var i sving kvar einaste vinter, ettersom avis heldt seg med sitt eige "juleorkester", sa den glade gjevaren i helsinga si.

## Eit flygel med sjel

Jan Ove Steffensen, gjevar og tidlegare fotograf og medarbeidar i Sunnmørsposten, fekk ståande applaus etter å ha delt flygelets historie. Musikar og journalist i Sunnmørsposten, Bjørn Halvorsen, viste "Flygelets veg til Fiksdal" i ord og bilet, før veteranane Jan Hovden, Askjell Molvær og Jostein Maude fekk traktere eit flygel med sjel.

Hovden er professor emeritus i klaver ved Griegakademiet i Bergen, Molvær er pianist i Ytre Suløen og Maude er vår eigen kantor i Vestnes kommune.

Heilt på sparket fekk dei frammette med seg ei firehendig oppleving på flygelet av Jan Hovden og Askjell Molvær med "Norge rundt med isbilen".

Kvelden vart avslutta med "O store Gud" og "Han skal opne Perleporten" av dei tre lokale song og musikkrefte under leiing av Jostein Maude.



*111 år for eit nystemt flygel er ikkje nokon alder. Jan Ove Steffensen stiller villig opp ved flygelet saman med pianistane Askjell Molvær, Jostein Maude og Jan Hovden.*

# 17. mai-fest på Daugstad bedehus

Tekst: Nils-Berge Sundfør



Foto: Maria Løvik Salte.

- Første gong det vart halde 17. mai-fest på Daugstad bedehus var truleg i 1964. Primus motor den gongen var nokre leiarar i indremisjonen og yngresforeninga, kan Anne Marlen Løvik Salte fortelje.



Foto: Maria Løvik Salte.

- Og etter oppstarten har det stort sett kvart år vore 17. maifest, der to til tre frå lokal indremisjon har teke initiativet og laga til fest. Frammøte har gått litt i bølger, men stort sett har det vore fulle hus. Dei siste åra er det styret i Daugstad bedehusforening som inviterer og lagar til, fortel Anne Marlen vidare.

- Vi tenkjer at det er naturleg å feire nasjonaldagen som ein kristen festdag i fellesskap og ha det kjekt i lag. Derfor inviterer vi med glede til bedehuset 17.-maikvelden i stor takksemd til Gud først - og så til dei som gjekk føre oss for land, grunnlov og fridom, legg Anne Marlen til. Til slutt vil ho minne om at det er høve

til å fylge bedehuset på Instagram med emneknaggen #daugstadbedehus.



Foto: Nils-Berge Sundfør.

17. maifesten i år samla igjen fullt hus der bygdefolket kom med koldtbord og masse kaker. Organist Gunnar Ajer bidrog med song, og Ellen Ajer hadde andakt. Vidare var det songinnslag ved Gjertine Løvik og Anne Marlen Løvik Salte. Sidan Daugstad bedehus er 60 år i år, hadde Lars Sigmund Kleive eit attersyn og fortalte om det gamle bedehuset som hadde blitt for lite. Han sa vidare litt om bygginga av nytt bedehus og korleis den første tida var.



Foto: Nils-Berge Sundfør.

Kvelden vart avslutta med Peter Bell sin vakre dronefilm frå over Daugstad og Tresfjord før vi stemde i med fedrelandssalmen «*Gud signe vårt dyre fedreland*».




Foto: Nils-Berge Sundfør.

# Konfirmantar i Vestnes kommune våren 2022

Alle foto: Kari Utgård



*Tomrefjord-konfirmantar*



*Fiksdal-konfirmantar*



*Tresfjord-konfirmantar*



*Vågstranda-konfirmantar*



*Helland-konfirmantar*



*Vike-konfirmantar*

# Songgleda lever fortsett på Vestheim

Av Tormod Lien

Ein søndag i mai avslutta Vestnes Misjonsforsamling si møteveke på den tradisjonsrike leirstaden Vestheim, der Marit Stokken Berland deltok aktivt både i nydeleg song og preike.

Marit som er mest kjent frå songduoen "Marit & Irene", har reist saman som songevangelistar i snart 50 år. Marit sin mann, Jarle Berland, har også følgt med som forkynnar, men denne gong vart han ikkje med. Ekteparet Berland bur på Godøy.

Møteveka på Vestheim denne gong har vore på kveldstid i vekedagane, og samlingar på føremiddag laurdag og søndag. Andakt og song har vore i fokus på alle møta. Det var muleg å gje si gāve til misjonen.

## Aktiv misjonsforsamling

Vestnes Misjonsforsamling som held til på Vestheim Ungdomssenter etter at Vestnes Bedehus vart sold i 2019, vart stifta 7. mai 2017. Dei er innmeldt i Norsk Luthersk Misjonssamband (NLM), og har Indremisjons forbundet v/Nordmøre og Romsdal Indremisjon som "forsamlingspartner" i samarbeidet. Leiar i misjonsforsamlinga på Vestnes er Roar Johansen.

Aktivitetane i Misjonsforsamlinga er "God søndag" annakvar søndag med søndagsskole. "Ving" for 1.-4. klasse trinn samlast annakvar måndag. Tredje kvar fredag er det

formiddagstrekk. I tillegg er det misjonsforeiningsmøte og bønnemøte ein eller to gongar i månaden og med eige bibelgruppeaktivitet for dei eldste barna.



Evangelist Marit Stokken Berland og Annbjørg Helland Sævareid delte mange gode songskattar både frå gammal og ny tid.

## Sterk bodskap gjennom preike og song

Ein av søndagsskulelærarane fekk hjelp frå nokon av barna til å lese truvedkjenningsa og tenne lys. I andre etasje på same plassen, var det nemleg søndagsskule på same tida.

Songevangelisten Marit Stokken Berland fekk god støtte og hjelp av vår lokale Annbjørg Helland Sævareid både på gitar og song, medan Knut Magne Aas trakterte pianoet.

Det er lett å bli reven med både av andakta og songen, der dei to damene på gitar utstråla si glede og tru på Gud som dei så gjerne deler med andre. Frimodig vart det forkynt at Jesus lever, både frå talarstolen og gjennom sterke songtekster.

Den erfarne evangelisten tala frå Johannes 17. 6-11, som også var søndagens preiketekst. Den sterke teksta vart formidla på ein levande og sannferdig måte.

- Årsaka til at eg reiser rundt som evangelist, er fordi at eg sjølv har møtt Jesus. Slik har eg fått eit kall til å fortelje andre om nettopp Jesus. Eg opplever at det er så godt å komme hit til Vestnes, der eg får møte Jesus med folket som bur her, seier den frimodige evangelisten Marit Stokken Berland, som avslutta ei rikhaldig møteveke på Vestheim sist søndag.



Ein av søndagsskulelærarane fekk hjelp med tenning av lys og truvedkjenningsa av barn frå søndagsskulen.



# Eit langt liv i tru på sin Frelsar

Av Tormod Lien

**Vi sit saman ved kjøkkenbordet til ei eldre dame som er lita og lett. Ho meistrar godt utfordringar som dagane kan møte henne med. Dei er det blitt mange av, for like over nyttår fyller Gunnveig Annie Hjelvik 85 år.**

Gunnveig er oppvaksen nedi Reistaddalen på Vågstranda. Ho er den eldste i ein søskensflokk på tre. Etternamnet var Talberg før ho gifta seg med Børge i 1973. I 2012 vart ho enke, og bur no på garden i Hjelvika saman med sonen Lars Olav. Jorda og skogen som hørte til Massgarden vart sold til ein bonde på Talberg. Slik har landbruket blitt no.

Gunnveig vart ein del av konfeksjonsmiljøet i bygda, der faren Olav J. Talberg dreiv fabrikk med om lag 40 tilsette på det meste, i same bygget som familien budde. Ho fortel at lyden frå symaskina song seg gjennom golvet til bustaden kvar einaste arbeidsdag.

## Heimelaga julegåver

- Har du eit barneminne etter eit langt liv?

- Då må eg sjå attende på ei jul i slutten av 2. verdskrigen, før eg begynte på skulen. Det var ikkje lett å kjøpe julegåver under krigen. Det meste vart heimelaga nytige ting. Eg hadde allereie vorte eigar av ei fin dokke, ei damedokke med lyst krølla hår, blå augo som ho let att når eg la henne på ryggen. Ei slik dokke vart kalla sovedokke den tida, men ho hadde ikkje seng. Bestefar visste råd, minnast Gunnveig.

- Han snikra saman ei høveleg seng, måla den lysegrøn og spanderte "gullmåling" på kantane. Mor var med på oppdraget og sydde utstyr til den flotte senga. Dokka hadde ein heklakjole frå før, men trengte ei kåpe. Mor var ein habil skreddar og fiksa ei innsvinga stilig gråblå kåpe med raude plysjkantar rundt ermane og i halsopninga. Dessutan måtte "dama" få eit foldeskjørt, meinte ho. Denne produksjonen føregjekk ved symaskina på kjøkkenet i seine nattetimar då egsov, forklarar Gunnveig med detaljerte minner frå ein barndom.

- Julaftan kom og den store pakka vart opna på stovegolv. Overraskinga var stor. Eg uttrykte ei spontan glede ved å la dyna få ein tur oppi lufta. Ein slik reaksjon var ikkje heilt vanleg frå meg, som ei introvert jente. Dei vaksne reagerte derfor på sin måte med både utrop og begeistring, huskar Gunnveig frå ein julekveld før ho begynte på skulen.

## Naboen var julenissen

- Var julenissen ein del av julekvelden då du vaks opp?

- Ja visst! Mor sytte for at naboar vart kledd opp med maske og det som elles skulle til. Dei som fekk denne utfordringa, gjekk inn for å gjøre ein god figur, og gjorde om

på stemma, fortalte kor dei kom i frå og hadde liksom med helsingar, fortel Gunnveig.

- Ein gong kravde nissen at vi, eg og søster mi, måtte synge ein julesong til han før han kunne opne sekken med gåvene. Her vart det alvor. Vi sat jamsides i ein brei stol, nervøse og spente, men klarte å lire av oss eit vers. Etter kvart oppdaga vi at nissen var berre lureri. Ein gong gløymde nissen att vottane sine. Dei var grå, store og heimestrikka. Mor bad søster mi til å gå over til naboen med dei. Hæ? Skulle Olav Longva ha nissegottane?? ler Gunnveig.

## Eit sterkt vitnesbyrd inn i julehøgtida

- Kva for ein julesong har vore den likaste for deg?

- Det er vanskeleg å velje ut berre ein, men det er fint og godt å få synge at "Han er frelsar min". Det blir eit sterkt vitnesbyrd. Prest og salmediktar Jonas Dahl skrev ein salme i 1902, som vi finn i nummer 68 i Norsk Salmebok. Den kjente julesalmen "Nå vandrer fra hver en verdens krok" med fire vers, har ei sterk utfording i siste verset: «Og finner du Ham i krybbens hø som hyrder så, da eier du nok til freidig å dø og leve på».



85-årige Gunnveig Annie Hjelvik, tek imot Kyrkjebladet heime i Massgarden i Hjelvika.



# Aktivitetar i alle bygder

Av Tormod Lien

Eldre har tilbod om sosiale møteplassar rundt omkring i kommunen. Sjølv om alle er velkomne til arrangementa, er det stort sett eldre som møter opp.

På Kyrkjestova i Tresfjord er det samling ein ettermiddag kvar månad, som har vore ein suksess i sju år. Målet med samlinga er å skape ein arena der dei som ønskjer det, kan møtast til eit kveldsmåltid i sosiale omgjevnader. Underhaldning og loddosal høyrer med. Samlingane er eit samarbeid mellom Tresfjord Røde Kors og bygdas sokneråd.



På Kyrkjestova i Tresfjord: Viljar Wenaas Schei (9) på piano i sin første konsert i regi av Kulturskulen.

50 Pluss på Vågstranda, er eit sosialt og triveleg tiltak for vaksne som møtast på bygdas menighetshus om lag ein gong i månaden. Arvid Hernæs og Cisca Schout har vore med heilt frå starten for seks år sidan, der dei kvar gong tryllar fram dei argaste rettane. Underhaldning og loddosal. Tidlegare gjekk overskotet til soknerådet, no er Menighetshuset mottakar.



50 Pluss på Vågstranda: *Fullt hus på første samlinga etter pandemien, og her har trioen på kjøkkenet nyleg servert laks med pasta og salat.*

Bårdplassen på Vikebukt er ein sosial møteplass annankvar torsdag på dagtid, som er organisert i regi av Vike helselag. Aktivitetane kan variere frå quiz til anna hjernetrim, til lysbilete og song og musikk. Kaffe og noko å bite i står alltid på programmet. Dei fleste vel også å ete middag her i lag med andre. Den kjem frå sentralkjøkkenet på Vestnes. Arrangøren tilbyr skyss til dei som på førehand ber om dette.



Bårdplassen på Vikebukt: Anna Balstad, Liv Gisnås og Asbjørn Gisnås var dei tre ansvarlege denne gong.



## Ikke alle barn gleder seg til jul

Gi støtte, trygghet og håp til familier som har det tøft.

**Send SMS BK JUL til 2210 (200 kr) eller  
VIPPS valgfritt beløp til 13130**



# Takkar for lang og tru teneste

Av Tormod Lien

Jørgen Magne Strømme (76) har vore klokkar i Vågstranda kyrkje i over 25 år. Høgmessa på Skjærtorsdag var hans siste offisielle gudsteneste i bygda, der han har tenestegjort i både sorg og glede. No står andre utfordringar for tur.

Kyrkjeverje i Vestnes kyrkjelege fellesråd, Olav Egil Tomren som deltok i gudstenesta, takka Jørgen for over 25 år i sitt arbeid for kyrkja. Jørgen sjølv takka for merksemda, og la vekt på at han i alle år har vore glad i både arbeidet sitt og ikkje minst kyrkjelyden.

- Det er på grunn av mi kristne tru at eg har hatt denne teneste i kyrkja såpass lenge. Det er viktig at bodskapen i Guds ord kjem fram i både dåp, vigslar, konfirmasjon og gravferder, seier Jørgen. Han fortel at han har fått oppgåver i Pinsemenigheten Kilden, tida gjer at det er vanskeleg å kombinere med gudstenester i kyrkja på søndagar.

Den trufaste tenaren legg ikkje skjul på at han gjerne kan vikariere i kyrkja når det passar for begge partar.



Kyrkjeverje i Vestnes, Olav Egil Tomren, takkar Jørgen for lang og tru teneste. Gunnar Ajer som organist og Emy Benjamins som prest.

## Studiepermisjon og vikarordning

To pensjonerte prestar vikarierer i stillinga til Ellen:



Ellen Schiøtt er sokneprest i Tresford, Vike og Vågstranda. I haust har ho tre månader studiepermisjon frå september til 5. desember



Signe Hellevik (69) er vi godt kjent med her i Vestnes. Ho bur i kommunen, og har vore kapellan, kyrkjeverje og sokneprest her tidlegare. Frå 2016 arbeidde ho som personalrådgjevar ved bispedømmekontoret i Molde, fram til ho vart pensjonist for to år sidan.



Harald Kjell Sunde (76) er frå Jølster. Han har vore prest heile sitt lange yrkesaktive liv: Først feltprest på Sessvollmoen i 1974, så residerande kapellan i Kinn i 4 år, sokneprest i Sula i 20 år og i Molde domkyrkje i 16 år. Etter pensjonsalderen har han vikariert i prestestillingar i Aukra, Bud, Midsund og Molde.

# Glimt frå Trusopplæringa i Vestnes kommune

Tekst og foto: Ingvild Venås Sánchez




Toåringsamling med leiting etter sauene som var borte.



Det var sang og skuespill og leiting etter sauene som var borte. Med litt hjelp ble alle sauene funnet.



Bokutdeling på hausttakkefest i Vike.



Frå undretur i Vestneskyrkja, vi snakkar om bøn ved alterringen. Foto: Silje Fagerstad.

Fint pynta til hausttakkefest i Vike!

# Førjulskonsert med Åva'i Bedehusa band

3. desember kl.18.00 inviterer Åva'i Bedehusa band til julekonsert i vakre Tresfjord kyrkje.

Bandet vil servere variert julemusikk som dei håpar vil gje publikum god gammaldags julestemning. Her kan du komme og senke skuldrrene, lat stress og kav ligge igjen heime, og berre nyte.

Bandet gler seg til jul og til å dele juleglede med publikum.

Laurdag 3. desember kl.18.00 i Tresfjord kyrkje  
Billettar kr. 200 kan kjøpast på [Tikkio.com](#)



Åva'i Bedehusa Band med Rita Kjersheim, Brit Guro Rypdal Hovden, Mats Hugo Frostad, Halvor Hovden, Jon Petter Syltebø og Trond Salthammer ynskjer dykk vel møtt til konsert.

## SVEIN ELLINGSEN – KVELD i VESTNES KYRKJE

Svein Ellingsen (1929 - 2020) var ein av våre mest kjende salmedikturar i nyare tid. 58 av salmane hans er med i Norsk salmebok, mellom anna dåpssalmen Fylt av glede over livets under.

Måndag 16.januar vil vi få høre meir om livet og salmane hans. Songarar og musikarar frå Haram arrangerte ein Ellingsen-kveld i Brattvåg kyrkje tidlegare i år. No vil dei presentere det same for oss og ta oss med i salmesongen. Det blir song av Haramsøy kyrkjekor, Aud Bovim vil fortelje, og fleire deltek med solosong og opplesing.

## Adventskonsertar i kyrkjene i Vestnes

11. des. Vike kyrkje	kl. 17.00
11. des. Vestnes	kl. 19.00
12. des. Vågstranda kyrkje	kl. 19.00
18. des. Tresfjord kyrkje	kl. 18.00
18. des. Fiksdal kyrkje	kl. 20.00

## Ellen og Gunnar Ajer

I begynnelsen av desember legger Ellen og Gunnar Ajer ut på en rundreise i Møre- og Romsdal med et advent/juleprogram.



Det blir vekselsvis sang og opplesning fra boka "Mitt umulige barn" av Jostein Ørum. Dette er betraktninger om advent og jul der vi blir bedre kjent med flere av personene i juleevangeliet.

Ellen leser et utvalg av innholdet i denne boka og Gunnar synger og spiller kjente og mindre kjente julesanger som passer til fortellingene. Det blir også fellessang.

### Reiseruta er som følger:

Øverdalen kirke, Verma, søndag 4.12 kl. 19.00.  
Nesset kirke, Eidsvåg, mandag 5.12 kl. 18.00.  
Ingeløa, Godøya, tirsdag 6.12 kl. 18.30.  
Sjøholt folkehøgskole, onsdag 7.12 kl. 20.00.  
Nesjestranda bedehus, torsdag 8.12 kl. 19.00.  
Fiksdal kyrkje, søndag 11.12 kl. 18.00.  
Vågstranda bedehus, mandag 12.12 kl 19.00.  
Aukra kyrkje, tirsdag 13.12 kl. 18.30.  
Daugstad bedehus, fredag 16.12 kl. 19.00.

# Slekters gang

## Vestnes kyrkje

### Døpte:

- 09.04 Fredrik Røv Lenning  
 10.04 Sokrates Heggdal Brudevoll  
 10.04 Hedvig Vestnes Gimnæs  
 10.04 Oline Rundtom Stokkeland  
 10.04 Isak Øverås  
 15.04 Tor-Emilian Moldver Sønstadbø  
 17.04 Fride Neraas-Austnes  
 17.04 Amalie Frostad Paulsen  
 05.05 Angelina Evensen Longva  
 22.05 Oliver Holm Førde  
 22.05 Ronja Iren Selnes  
*(døpt i Røbekk kyrkje)*  
 10.07 Elina Doncillo Lid  
 10.07 Frida Sveia Rishaug  
 10.07 Anna Marie Vereide Wahlstrøm  
 04.09 Elvira Bråten Erstad  
*(døpt i Hov kyrkje)*  
 25.09 Ask Bårdnes Tomren  
 30.09 Trym-Søreide-Øveraas  
*(døpt i Lervågen)*  
 30.10 Emil Øveraas-Staurset  
 30.10 Mateo Frostad  
 30.10 Didrik Lid Krogsæter  
 30.10 Fabian Skjegstad Rekdal  
 13.11 Loke Ferger Liabø

### Vigde:

- 09.04 Daniel Lenning og Marte Røv  
 18.06 Trine Risvik og Thomas Aas  
 02.07 Birgitte Gjelsten og Petter Kristian Hjelvik  
 23.07 Christopher Vik og Camilla Ø. Pedersen

### Døde:

- 16.03 Bjørnar Orten  
 16.03 Randulf Krogsæter  
 25.03 Hildur Sissel Nerås  
 30.03 Helge Brastad  
 29.04 Roger Ellingsgård Lid  
 29.04 Gunvor Misfjord  
 04.05 Oddrun Marie Pedersen  
 06.05 Rolf Hagfonn  
 11.05 Berit Anna (Bella) Tomren  
 20.05 Bjørne Real Eilertsen  
 25.05 Kristoffer Uren  
 01.06 Egil Magne Tomren  
 03.06 Anders Ragnar Bekken  
 24.06 Inger Astrid Dahle Sommerset  
 12.07 Ole Ingvard Lid  
 15.07 Halvard Sande  
 15.07 Arnfinn Ødegård  
 20.07 Randolph Vik  
 22.07 Else Johanne Skjegstad  
 27.07 Margrethe Mork Pedersen  
 05.08 Torbjørn Kristen Eidsvik  
 05.08 Randi Johanne Frostad  
 09.09 Marthe Bringslid  
 23.09 Edmund Inge Hagen

- 30.09 Arnhild Henriette Rekdal  
 05.10 Andrea Vike  
 07.10 Kristine Olafsen  
 19.10 Einar Vatnehol  
 21.10 Lillian Greta Langstein  
 11.11 Torgeir Bøen

## Vike kyrkje

### Døpte:

- 24.09 Ørjan Stenvåg  
 24.09 Leonard Balstad Vik  
 02.10 Antonio Smogeli Merli

### Vigde:

- 24.09 Malin Balstad og Hans Vik

### Døde:

- 08.04 Arnljot Røberg  
 01.06 Hans Petter Uren  
 09.09 Svanhild Lindset Røberg  
 27.10 Ruben Vike Våge  
 11.11 Arne Vike

## Fiksdal kyrkje

### Døpte:

- 17.04 Ludvig Sjøholt Furland  
 28.08 Yuna Isabelle Merten  
 28.08 Lyder Emil Nakken Myklebust  
 28.08 Jan Arthur Gabriel Nakken

### Døde:

- 25.03 Peter Ingvar Fylling  
 08.04 Aslaug Lovise Nakken  
 12.08 Oddmund Tangen  
 19.10 Oddny Kirsten Fiksdal

## Tresfjord kyrkje

### Døpte:

- 03.04 Eiliv Moen Kjersem  
 18.04 Emilie Male  
 18.04 Iver Sevaldsen Varmedal  
 24.04 Ragna Oline Johanne Sandøy  
 03.07 Lavrans Lindset  
 21.08 Johannes Eidheim Bergum  
 21.08 Inge Moen Døssland  
 21.08 Silje Marie Uren Åsland

### Vigde:

- 04.06 Helene Stavem og Magnus Hole  
 16.07 Torstein Hoel og Ragnhild Rødal Moen *(vigd på Finneøya)*  
 30.07 Hanna Pernille Aurdal Lie og Terje Lie  
 13.08 Harry Thomas Lid og Anja Domaas Sponberg  
 20.08 Martin Kjersem Olsen og Veslemøy Hovden

### Døde:

- 30.03 Øystein Løvik  
 12.04 Inge Moen

- 25.05 Aslaug Elfrida Løvik  
 24.05 Aslaug Svanhild Hoel

- 09.06 Jan Arvid Sylte  
 17.06 Eli Ingeborg Skavnes  
 22.06 Karen Villa  
 24.06 Erna Vik  
 26.08 Ottar Arne Seth  
 02.09 Lilly Klara Longva  
 07.10 Kristine Olafsen  
 04.11 Kirsten Kjøpstad

## Vågstranda kyrkje

### Døpte:

- 24.04 Sandra Talberg  
 24.07 Ånund Severin Brandsnes

### Vigde:

- 09.07 Lill-Monica Bø og Frode Venanger

### Døde:

- 10.06 Marie Frostad  
 31.08 Astrid Hjelset  
 30.09 Astrid Dale

## VESTNES KYRKJEKONTOR

Ope mandag - torsdag kl. 08.30-15.00

**John Sylte**, sokneprest

Telefon: 45502815 (jobb)/ 91865064 (privat)  
 E-post: john.sylte@vestnes.kommune.no

**Reidun Blø**, kontorsekretær

Telefon: 94162548 (jobb)  
 E-post: reidun.blo@vestnes.kommune.no

**Olav Egil Tomren**, kyrkjeverje

Telefon: 94169153(jobb)/ 91629416(privat)  
 E-post: olav.tomren@vestnes.kommune.no

**Ellen Schiøtt**, sokneprest

Telefon: 92046870(jobb)/ 92046814(privat)  
 E-post: ellen.schiott@vestnes.kommune.no

**Ellen Edvardsen**, diakon

Telefon: 94160429(jobb)/ 97499175(privat)  
 E-post: ellen.edvardsen@vestnes.kommune.no

**Ingvild Venås Sánchez**, trusopplærar

Telefon: 94142364(jobb)/ 41472908(privat)  
 E-post: ingvild.venaas@vestnes.kommune.no

**Jostein Maude**, kantor

Telefon: 92226151  
 E-post: jostein-maude@hotmail.com

**Geir Falch**, kyrkjetenar Telefon: 90217404

**Andrew Lange**, kyrkjetenar Telefon: 40548156

**Nina Kvernmo**, konfirmantlærar

Telefon: 95231698, E-post: nkvernmo@online.no

**Heimeside til kyrkjene i Vestnes:**

[www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)

# Gudstenester i Vestnes

Oversikt over gudstenestene er også å finne i Vestnesavisa, Bygdebladet og Sunnmørsposten.  
I tillegg kan de til ei kvar tid finne oversikta på heimesida til kyrkja: [www.vestnes.kyrkja.no](http://www.vestnes.kyrkja.no)

## 04. des. 2. s. i advent

*Vike kyrkje kl. 18.00*  
Gudsteneste. Lysmesse.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 11. des. 3. s. i advent

*Stella Maris kl. 16.00*  
Nattverdsgudsteneste.

## 24. des. Julaftan

*Tresfjord kyrkje kl. 16.00*  
Julaftangudsteneste.  
Takkoffer til Kyrkestova.

## Vestnes kyrkje kl. 14.00

Julaftangudsteneste.  
Takkoffer til Kirkens Familievern.

## Vestnes kyrkje kl. 16.00

Julaftangudsteneste.  
Takkoffer til Kirkens SOS M og R.

## Vågstranda kyrkje kl. 14.00

Julaftangudsteneste.  
Takkoffer til Frelsesarmeens.

## 25. des. 1. Juledag

*Vike kyrkje kl. 11.00*  
Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Misjonsprosjektet i Nepal.

## Fiksdal kyrkje kl. 13.00

Høgtidsgudsteneste. Takkoffer til Misjonsprosjektet NMS

## 26. des. 2. juledag

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse. Takkoffer til Sjømannsmisjonen.

## Vestnes kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til Misjonsprosjektet NMS.

## 08. jan. Kristi openberringsdag

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse. Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## Vike kyrkje kl. 16.00

Nyårsfest.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd

## 15. jan. 2. s. i openberringstida

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*  
Familiegudsteneste. Utd. til 1. klasse.  
Takkoffer til trusopplæring i soknet.

## 22. jan. 3. s. i openberringstida

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*  
Familiegudstjeneste. Utd. til  
1. klasse. Takkoffer til Søndagsskulen.

## 29. jan. 4. s. i openberringstida

*Vågstranda kyrkje kl. 11.00*  
Tårnagentgudsteneste.  
Utd. til 1. klasse. Takkoffer.

## 05. feb. Såmannssøndag

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse. Bibeldagen.  
Takkoffer til Bibelselskapet.

## 12. feb. Kristi forklaringsdag

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*  
Tårnagentgudsteneste og utd. til  
3. klasse frå Vike og Tresfjord.  
Takkoffer til Kirkens bymisjon.

## 19. feb. Fastelavnssøndag

*Vike kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse. Takkoffer til  
Misjonsprosjektet i Nepal.

## Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 13.00.  
Høgmesse.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 22. feb. Askeonsdag

*Vestnes kyrkje kl. 18.00*  
Skriftemålsgudsteneste.  
Takkoffer til Institutt for  
sjelesorg Modum bad.

## 26. feb. 1. s. i fastetida

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*  
Økumenisk gudsteneste.  
Takkoffer til Misjonskirken.

## Tresfjord kyrkje kl. 13.00

Høgmesse. Takkoffer til  
Misjonsprosjektet i Mali.

## 05. mars 2. s. i fastetida

*Vike kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse. Takkoffer til  
Trusopplæringa i soknet. Årsmøte.

## 12. mars 3. s. i fastetida

*Vestnes kyrkje kl. 11.00*  
Tårnagengudsteneste.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## Vestnes kyrkje kl. 13.00

Familiegudsteneste.  
Utd. til 1. klasse.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## 19. mars 4. s. i fastetida

*Tresfjord kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse.  
Takkoffer til eigen kyrkjelyd.

## Tomrefjord kristne

forsamlingshus kl. 13.00.  
Høgmesse.  
Takkoffer til KRIK Vestnes.

## 26. mars Maria bodskapsdag

*Fiksdal kyrkje kl. 11.00*  
Høgmesse med årsmøte.  
Takkoffer til Misjonsprosjektet.



Foto: Reidun Blø

## Vippsnr. for ofring:

Vestnes sokn: 108523

Vike sokn: 89676

Tresfjord sokn: 513574

Fiksdal sokn: 555355

Vågstranda sokn: 502022